



Den eine delen av hobbygruppa planlegg formingsaktivitetar. Frå venstre hobbyklubb-leiar Tore Mathiesen, Birte Nybakk, Ellen Karin Moen, Anita Miljeteig og Tove Helen Moen.

Hobbyklubben i Bedehuset har hatt ein god haust-start, med rundt 25 frammøtte, opplyser leiar Tore Mathiesen til uskedalen.no. Måndag kveld klokka 19 er det ny samling og det er plass til fleire!

Nytt i denne sesongen er ei hobby-gruppe som samla så stor oppslutnad at ein måtte dela ho i to. Av dei 12 som så langt er på plass i gruppa skal nokre satsa på ulike formingsaktivitetar som støyping av lys, såpelaging og måling av karnevalsmasker og andre på å laga ein film om hobby-aktivitetar.

Det er også som tidlegare avisgruppe, flygruppe og bilgruppe. Medlemmene i flygruppa er i gang med byggjing av kvart sitt seilfly og avisgruppa har allereie kome eit stykkje på veg med produksjonen av Uskedalspostens julenummer.. Bilgruppa held til med sine aktivitetar på grusbana.

Det er Oddbjørg Heimark og Jon Harald Kjærland som leiar hobby-gruppa medan Britt Torill M. Mathiesen og Ola Matti Mathisen er leiarar for avisgruppa. Rune Hjørnevåg og Erlend Moen tar seg av bil- og flygruppa. Det er aktivitetkveldar annankvar måndag.



Den andre delen av av hobby-gruppa skal laga ein film om hobby-aktivitetar. Carina Totland Hansen og Silje M. Mathiesen står bak. Foran sit frå venstre Martin Myklebust, Thomas M. Mathiesen, Halvard Døssland, Rebekka Hauge, Joakim Hauge og leiar Oddbjørg Heimark.